

Gulen Ettersøkslag ettersøksavtale 2020

Namn leiar:	Mob:
Adr:	Postnr og stad:
E-post:	
Valdnr:	Valdnamn:
Jaktfeltnr:	Jaktfelt:
Tal dyr:	Kommune:

Ovannemnde jeger/jaktfelt/vald har med dette inngått ettersøksavtale med Gulen Ettersøkslag. Lagets medlemmar har godkjente og registrerte ettersøkshundar som har bestått prøver i medhald til forskrifta.

Avtale vilkår:

Jeger/Jaktlag/vald skal fylgje regler og lover for jakt og ettersøk. Ettersøkslaget kan heve avtalen dersom ein bryt med desse. Ettersøkslaget skal stille med hund og førar, klar til ettersøk innan 4 timar etter melding er motteke. Jaktlag i områder som er avhengige av båttransport må sjølv hente/bringe ettersøksekvipasjen med båt på best eigna stad

Avtalen er gyldig når den er signert av begge partar, og det er klistra på kvitteringsoblat frå banken, som dokumenterer at avgift er betalt til laget sin bankkonto nr: 3705.0298931.

Kr. 150 x tall løyve. Betaling før 20. august 2020.

NB! Hugs å merke innbetaling med namnet ditt, jaktfelt og tal dyr.

Avtalen dekker alle kostnader ved ettersøk fyrste dag. Dag to på same ettersøk: Kr 200,- pr. time+ kr 4,10,- pr. km.

Lim inn kvitteringsoblat her:

Dato: _____ Jaktansvarleg/jejer: _____ Gulen Ettersøkslag: *Roar Elnes*

Telefonliste Gulen Ettersøkslag

Roar Elnes (Leiar)	Eivindvik	416 85 260
Karstein Elnes	Eivindvik	97140824
Thomas Stølen	Eivindvik	930 27 732
Arild Wergeland	Brekke	977 27 623
Jon Inge Instefjord	Brekke	482 46 196
Severin Rokne	Mjømna	977 42 670
Ole Martin Flaten	Byrknes	483 07 938
Odd Rune Våge	Eivindvik/Leikanger	412 95 025
Leif Helge Fjellro	Austgulen/Arna	909 80 051

Gulen kommune får tilsendt oversikt over alle som har inngått avtale med Gulen Ettersøkslag.

E-post: gulen.ettersokslag@hotmail.com

GODE TIPS OM UHELLET ER UTE

- Påskote dyr skal reknast som treft inntil det motsette er bevist.
- Det er forbode (viltlova) å ta opp jakt på nye dyr i jaktfeltet/valdet før pkt. 1 er avklara, eller medan ettersøk pågår.
- Ring Gulen Ettersøkslag så tidleg som råd. Det går fort tid før me er på plass i terrenget, og på hausten mørknar det fort...
- Merk plassen der du stod når du skaut.
- Merk plassen hjorten stod når du skaut. Dette er viktig for å undersøkje skotplass og for å komme inn på rett spor. Skotplass kan fort bli uklår i ettertid om det mørknar og den ikkje er merka.
- Unngå å trakke i blod!!!! Dette vil gjere søket svært vanskeleg.
- Sko som er brukt under slaktning vil plante nye spor og gjere ettersøk vanskeleg.
- Set ut postar på strategiske plassar. Dette kan gjerast medan ein ventar på hund.
- Heile jaktlaget pliktar å ta del i ettersøket om nødvendig.
- Evt. spor bør ikkje følgjast langt utan godkjent hund. Blir dyret skremt ut av første sårlege fell sjansen drastisk for å finne igjen dyret.
- Ikkje bruk hund som ikkje er godkjend, eller lat andre hundar komme inn på området
- Undersøk forsiktig der hjorten stod når den vart påskoten (hår, blod, bein, kjøtt osv.) Berre ein person undersøker, og ikkje trakk i blod.

Me spør gjerne etter:

Når vart dyret påskote?

Kva type dyr er påskote?

Stod dyret stille?

Såg du skotreaksjon på dyret?

Kva? Kor sat du? Kor sto dyret?

Såg du flukttretning?

Var det fleire dyr i følge?

Gulen Ettersøkslag ynskjer Dykk ei fin jakt, og håper på eit godt samarbeid.